

## Trekk under eksamen

### *Ved akutt sjukdom og andre særskilte grunnar til fråvære under eksamen*

Ein kandidat som blir sjuk under eksamen, må levere trekkskjema, straks oppsøke lege og levere legeattest seinast to døgn etter eksamen. Er det ikkje mogeleg å få ein legeattest seinast to døgn etter den første eksamen som attesten gjeld for, må eksamednskandidaten gi fakultetet beskjed om dette før fristen går ut. Dette følgjer av eksamensforskrifta § 17 andre ledd andre og tredje punktum.

Godkjend legeattest gir rett til utsett prøve etter eksamensforskrifta § 21. Legeattesten skal innehalde opplysning om kva eksamen han gjeld for, og tidsrom for sjukmeldinga. Sjukmeldingar til bruk overfor arbeidsgivar vert ikkje godtekne. Attesten skal være relatert til sjølve eksamen. Dersom ein kandidat av annan gyldig grunn enn sjukdom ikkje kan fullføre eksamen, må dette attesterast på tilsvarande måte som ved sjukdom. Slike forfall må godkjennast av fakultetet.

### *Trekk under eksamen*

Kandidatar som framstiller seg til skoleeksamen, men som likevel ikkje vil levere svar, må fylle ut og levere trekkskjema før dei går frå lokalet. Ved andre typar eksamen der det er sett frist for innlevering, må det leverast trekkskjema innan denne fristen. Kandidatar som leverer blankt svar, eller svar som openbert ikkje er eit forsøk på eit fagleg svar, blir og rekna for å ha trekt seg frå eksamen. Kandidatar som har levert eksamenssvar, kan ikkje unndra seg sensur. Ovannemnde følgjer av eksamensforskrifta § 16 andre til fjerde ledd.

Det er høve til å framstille seg til same eksamen ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet inntil tre gonger, jf. eksamensforskrifta § 25. Vi gjer merksam på at ein kandidat som har trekt seg frå eksamen, blir rekna for å ha framstilt seg til eksamen etter "tregongersregelen". Det er beskrevet i § 16 kva som vert rekna som å framstille seg til eksamen. Trekk under eksamen er ikkje sett på som "stryk", og det er følgjeleg ikkje høve til å kontinuere, jf. eksamensforskrifta § 22.

Reglementet står på nettsidene til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

---

## Trekkmelding

Eg stadfester at eg har gjort meg kjent med reglane ovanfor om trekk under eksamen.

Eg trekkjer meg med dette frå eksamen i emnet: \_\_\_\_\_

Fødselsnr: \_\_\_\_\_ Kand.nr: \_\_\_\_\_ Namn: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_ Underskrift: \_\_\_\_\_